

## Stafsethneset

Stafsethneset er eit statleg sikra friluftsområde. Tidlegare var her ein gard og handelsstad med postopneri. Hovudhuset står framleis like ved parkeringa. Delar av området er no som ein løyndomsfull hage, der parken med planta tre og prydbusker er attgrodd og skjuler gamle hemmelege stiar.

Det er turveg med fast grusdekke rundt heile friområdet. Sunnmøre friluftsråd har fått laga ei flott badestrand med kvit skjelsand, og har sett opp eit sommarope vassklosett på sørsida. På nordsida er det to gode eldstader med benkar. Der er ei flytebrygge som også er grei å fiske frå. Elles er det populært å fiske frå Tjørnsundbrua. Der er det ikkje uvanleg å få blekkespruten akkar som ein litt eksotisk fangst på stang.

Området har elles opne sletter som er eigna for ballspel og leik.

## Andre turmål

Noregs første og einaste Tuslesti startar ved parkeringa og inneheld artige stopp med benkesliting, pust i bakken, rotvelt, høgtlesing og mykje meir.

## Parkering og buss

Frå Vegsundvegen må du køyre ned ein litt bratt og smal veg gjennom ein allé av lindetre. Vegen endar i ein liten parkeringsplass.

Næraste busshaldeplass er Vegsund ved hovudvegen, eller Blindheim skole.

Bussruter: [www.frammr.no](http://www.frammr.no) eller ring 177.

## Kulturminne

Det er ikkje lenger så lett å sjå, men mange stader langs sjøkanten har det vore mura steinplattingar til tørking av klippfisk. Området rundt Vegsundet, Tørla, Humla og Blindheim har svært mange kulturminne. Mellom anna er det funne to bronseøkser i dette området, og på Sulasida av Vegsundet ligg ei oppkome, Olavskjelda, som er knytt til Heilag Olav. For meir informasjon om kulturminne sjekk: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

## Turtips:

[www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)

[www.morotur.no](http://www.morotur.no)

[www.godtur.no](http://www.godtur.no)

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)

## Utgitt med støtte frå:


- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS. Foto: Hans Petter Sandseth, May Britt Haukås, Pål Henry Høyberg og Christer Lundberg Nes.

# Stafsethneset

Stafsethneset er eit variert miniatyrlandskap som har nesten alt å by på. Her er flott sandstrand, opne sletter, tett skog, fine bålplassar, flytebrygge, klatretre og Noregs første og einaste Tuslesti.



Parkering



Buss



Utsynspunkt



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Badeplass

**TURKORT!**


Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.




# Stafsethneset



Tjørsundbrua



Vegsundvegen



Tuslesti

